

## Høyringsnotat

### Framlegg til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk 2023

#### Innhald

1. Bakgrunn.....	2
2. Strukturen i høyringsnotatet.....	2
3. Framlegg som gjeld nynorsk og bokmål.....	3
3.1 Bøying av <i>hub(b)</i> og <i>spot(t)</i>	
3.2 Endring av genusnormering for substantiva <i>nebb, nipp, raut, rykk, fart, låt, kondom, maraton</i> og <i>stadion</i>	
3.3 Endring i normeringa av fleirtalsformer for <i>livmor, løvetann</i> og visse andre substantiv	
3.4 Endring i normeringa av substantivet <i>kask(j)ett</i>	
4. Framlegg som berre gjeld nynorsk.....	8
4.1 Endring i normeringa av presensforma av verbet <i>sjåast</i>	
5. Framlegg som berre gjeld bokmål.....	9
5.1 Endring i normeringa av preteritum av ein del verb med -y- i infinitiv	
5.2 Endring i normeringa av ein del ord med <i>hv-/kv-</i>	
5.3 Endring i normeringa av substantivet <i>lagasild/lagesild/lågåsild</i>	
5.4 Endring i normeringa av substantivet <i>sjapp(e)</i>	
5.5 Endring i normeringa av substantivet <i>oppnop(n)ing</i>	

## **1. Bakgrunn**

Språkrådet sender med dette ut til ålmenn høyring ein del framlegg til endringar i rettskrivinga for nynorsk og bokmål. Målet med høyringa er å informere ålmenta om framlegga og hente inn synspunkt på dei planlagde endringane. Dei føreslåtte endringane har vesentlege verknader for ålmenta, og Språkrådet sender alle framlegg til endringar av dette slaget ut til høyring. Denne praksisen blei etablert i 2022 i tråd med punkt 16.1.4 i språklovsproposisjonen, [Prop. 108 L \(2019–2020\)](#).

Framlegga i dette notatet er alle handsama i Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon i 2022 eller 2023. Vi er opne for å justere dei i lys av velfunderte innspel som måtte kome i høyringa. Etter gjennomført høyring og gjennomgang av høyringsfråsegnene vil framlegga bli handsama av styret i Språkrådet. Ingen av framlegga blir vurderte å vere så gjennomgripande at dei treng å godkjennast av Kultur- og likestillingsdepartementet.

Vi oppmodar alle interesserte til å setje seg inn i framlegga og sende inn høyringsfråsegn om dei har relevante innspel som bør takast med i vurderinga av sakene.

### ***Kva ønskjer vi fråsegner om i denne høyringa?***

I denne høyringa er det berre relevant å uttale seg om dei konkrete framlegga til endringar som er nemnde i dette notatet. Om det kjem fråsegner om andre språklege tilhøve eller om normeringspolitikken i stort, vil Språkrådet ikkje kunne svare på desse gjennom høyringsordninga.

### ***Korleis skal fråsegnene utformast?***

Vi oppmodar høyringsinstansane til å formulere seg klart og kortfatta. Om ein har framlegg til justeringar eller avvising av dei føreslåtte endringane, er det ein føremon å grunngje dei med å vise til prinsippa for normering slik dei er utforma i dokumentet [Retningslinjer for normering](#), som styret i Språkrådet vedtok 9. desember 2021.

Kven som helst kan sende inn høyringsfråsegn. Fråsegnene er offentlege etter offentleglova og blir publiserte på Språkrådets nettsider.

### ***Korleis sender ein inn høyringsfråsegn?***

Høyringsfråsegner skal sendast på e-post til [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no) seinast **24. april 2023**.

## **2. Struktura i høyringsnotatet**

Framlegga blir presenterte slik at dei som omfattar endringar både i nynorsk og bokmål, kjem først, så dei som berre gjeld nynorsk (her er det berre eitt framlegg), og til slutt dei som berre gjeld bokmål. I kvart tilfelle kjem først ei framstilling av endringsframlegget og så ei grunngjeving for framlegget på bakgrunn av dei gjeldande prinsippa for normering. Dei overordna føringane for normeringa av nynorsk og bokmål er skildra slik i punkt 4.2.1 i Prop. 108 L (2019–2020):

Språkrådet forvaltar rettskrivinga og gjer bindande normeringsvedtak, medan meir gjennomgripande endringar skal godkjennast av Kulturdepartementet. Sjølvstende og stabilitet er dei to hovudprinsippa for normeringa. Det vil seie at dei to norske skriftspråka skal normerast på sjølvstendig grunnlag, og rettskrivinga skal i store trekk ligge fast òg i tida framover. Det skal likevel vere rom for å gjere justeringar i rettskrivinga der faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det.

Prinsippa for normering er skildra i meir detalj i dokumentet *Retningslinjer for normering*, nemnt ovanfor.

### 3. Framlegg som gjeld nynorsk og bokmål

Alle framlegga under punkt 3, 4 og 5 gjeld òg samansette ord med dei aktuelle orda som etterledd med mindre noko anna er spesifisert.

#### 3.1 Bøying av *hub(b)* og *spot(t)*

##### *Framlegg*

Dei to substantiva *hub(b)* '(drifts)sentral' og *spot(t)* 'lyskjelde; reklameinnslag', som inntil nå ikkje har vore normerte, får desse normerte formene:

##### **nynorsk:**

*ein hub(b) – hubben – hubbar – hubbane*  
*ein spot(t) – spotten – spottar – spottane*

##### **bokmål:**

*en hub(b) – hubben – hubber – hubbene*  
*en spot(t) – spotten – spotter – spottene*

##### *Grunngjeving*

Dei to substantiva høyrer til ei gruppe importord frå engelsk som i norsk blir uttala med kort vokal, men der den engelske stavemåten har enkel konsonant etter vokalen. I norsk markerer vi generelt kort vokal med dobbel konsonant eller konsonantgruppe etter vokalen. Skrivemåtar som *hub* og *spot* er altså i strid med norske rettskrivingsprinsipp.

Retningslinjene for norvagisering av importord (del 10 og vedlegg 2 i *Retningslinjer for normering*) seier at kort vokal skal markerast etter dei generelle prinsippa, altså med dobbel konsonant eller konsonantgruppe etter vokalen. Det tilseier at dei to substantiva bør skrivast *hubb* (ev. *høbb*) og *spott*.

Undersøkingar av bruk i tekstar på nynorsk og bokmål viser at skrivemåten med enkel konsonant dominerer svært klart i utgangsforma, med 90 % av tilfella eller meir. I bøygde former ser vi derimot at skrivemåten med dobbel konsonant er ein god del brukt, og til dels vanlegare enn skrivemåten med enkel konsonant. Mange språkbrukarar skriv altså til dømes *ein hub*, men *hubben* og *hubbar*.

Veksling mellom enkel og dobbel konsonant i bøyinga av ord er i utgangspunktet framand i norsk, men i importord av den aktuelle typen er det altså svært vanleg. Språkrådet meiner at normering med berre dobbel konsonant er å føretrekkje, men at ein kan opne for veksling mellom enkel og dobbel konsonant når bruken i tekstar klart tilseier det. Det er tilfellet for dei to orda *hub(b)* og *spot(t)*. Framlegget legg opp til valfridom mellom enkel og dobbel konsonant i utgangsforma, men berre dobbel konsonant i bøygde former.

Når det gjeld *hub(b)*, kunne ein tenkje seg normering med vokalen *ø* i staden for *u*. I lys av bruken går vi likevel inn for å halde på *u*. Resultatet blir ei delvis norvagisering, men slike hybridformer kjem vi ikkje utanom i ein del tilfelle.

Om framlegget blir vedteke, bør det danne mønster for normeringa av nye importord av den aktuelle typen. Det kan da òg bli aktuelt å revurdere normeringa av ein del ord, til dømes *bag(g)*, *hit(t)* og *laptop*.

### 3.2 Endring av genusnormering for substantiva *nebb*, *nipp*, *raut*, *rykk*, *fart*, *låt*, *kondom*, *maraton* og *stadion*

#### Framlegg

Genusnormeringa for desse substantiva blir justert slik tabellen nedanfor viser (m = hankjønn, f = hokjønn, n = inkjekjønn).

	dagens norm		ny norm	
	<i>bokmål</i>	<i>nynorsk</i>	<i>bokmål</i>	<i>nynorsk</i>
<i>nebb</i>	m/n	m/n	n*	m/n
<i>nipp</i>	m/n	m/n	n	m/n
<i>raut</i>	m/n	n	n	n
<i>rykk</i>	m/n	m/n	n	m/n
<i>fart</i>	m	m	m/f	m/f
<i>låt</i>	m	m	m/f	m/f
<i>kondom</i>	n	n	m/n	m/n
<i>maraton</i>	m	m	m/n	m/n
<i>stadion</i>	n	n	m/n	m/n

\* Samansette artsnemningar med *-nebb* som etterledd skal likevel framleis ha valfridom mellom hankjønn og inkjekjønn i bokmål.

#### Grunngjeving

Endringane av genusnormering er grunngjevne med eit ønske om å justere normene i tråd med den faktiske bruken, jf. bruksprinsippet i *Retningslinjer for normering* (del 6.2.3 og 7.2.3) og formuleringa i Prop. 108 L (2019–2020) om at det skal vere rom for å gjere justeringar i rettskrivinga «der faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det».

Substantivet *nebb* er normert med valfritt hankjønn eller inkjekjønn, og det gjeld begge skriftspråka. I tillegg finst det særvedtak om plantenamn med *-nebb* som

etterledd; dei har valfridom i nynorsk, men berre hankjønn i bokmål. Undersøkingar av bruken i tekstar viser at inkjekjønn dominerer svært klart i bokmål, med bortimot 100 % av tilfella. I nynorsk er hankjønn meir i bruk, med 20–25 % i boktekstar. Tendensen over tid går mot meir bruk av inkjekjønn også i nynorsk. Slik stoda er i dag, meiner vi det er grunn til å endre norma i bokmål, men ikkje i nynorsk. Artsnemningar med *-nebb* som etterledd blir ofte brukte med hankjønn. Det gjeld ikkje berre plantenemningar (*storkenebb*), men òg nemningar på fiskar (*bergnebb*, *raudnebb*) og fuglar (*krossnebb*). Ein kan likevel også finne inkjekjønn brukt i slike nemningar. Dei nåverande særvedtaka om plantenemningar bør erstattast av eit meir generelt vedtak om at artsnemningar på *-nebb* skal ha valfridom hankjønn/inkjekjønn. Dette bør gjelde både nynorsk og bokmål.

Også *nipp* er normert med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i begge skriftspråka. Ordet er først og fremst i bruk i faste uttrykk av typen *vere på nippet/nippet (til å gjere noko)* og *det var på (nære) nippet/nippet (at det og det hende)*. I desse uttrykka dominerer inkjekjønn svært klart i bokmål. I nynorsk er hankjønn noko meir brukt (vi finn hankjønn i 18–20 % av tilfella i nynorsktekstar). Som for *nebb* meiner vi det er grunnlag for å ta ut hankjønn av norma i bokmål, men ikkje i nynorsk.

*Raut* er normert med berre inkjekjønn i nynorsk, men med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i bokmål. I bokmålstekstar dominerer likevel inkjekjønn svært klart, med opp mot 100 % av tilfella. I lys av dette er det grunn til å ta ut hankjønn av norma i bokmål.

*Rykk* er normert med valfritt hankjønn eller inkjekjønn i begge skriftspråka. Nynorsk hadde opphavleg berre hankjønn her. I bokmålstekstar er inkjekjønn mykje meir brukt enn hankjønn med dette ordet, med ein prosentdel på opp mot 100. Også i nynorsktekstar er inkjekjønn vanlegast, men ikkje like dominerande som i bokmål. Det er grunnlag for å ta hankjønn ut av norma i bokmål, men ikkje i nynorsk.

*Fart* og *låt* er i dag normerte med berre hankjønn både i bokmål og nynorsk. Begge orda er likevel i bruk òg med hokjønn. For *fart* gjeld det ikkje minst ein del faste uttrykk; *i farta* er til dømes meir brukt enn *i farten*. Hokjønn er såpass mykje brukt med desse to orda at dei bør ha valfridom mellom hankjønn og hokjønn både i bokmål og nynorsk.

*Kondom* og *stadion* er i dag normerte med berre inkjekjønn, medan *maraton* er normert med berre hankjønn. Det gjeld begge skriftspråka. I røynda er alle desse orda dels i bruk med hankjønn, dels med inkjekjønn. På bakgrunn av bruken bør det vere valfridom mellom dei to genusa både i nynorsk og bokmål.

### **3.3 Endring i normeringa av fleirtalsformer for *livmor*, *løvetann* og visse andre substantiv**

#### *Framlegg*

Fleirtalsformene for ein del substantiv blir endra slik tabellane nedanfor viser.

## Bokmål:

<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
<i>livmorer – livmorene</i>	<i>livmorer/livmødre/livmødrer – livmorene/livmødrene</i>
<i>skrumorer – skrumorene</i>	<i>skrumorer/skrumødre/skrumødrer – skrumorene/skrumødrene</i>
<i>vågmorer – vågmorene</i>	<i>vågmorer/vågmødre/vågmødrer – vågmorene/vågmødrene</i>
(ikkje normert)	<i>hermegjess/hermegjæser/hermegåser – hermegjessene/hermegjæsene/hermegåsene</i>
<i>midnatter – midnattene</i>	<i>midnetter – midnettene</i>
<i>hespetre – hespetrea/hespetreene</i>	<i>hespetre/hespetrær – hespetrea/hespetrærne/hespetreene</i>
<i>løvetann/løvetanner – løvetannene</i>	<i>løvetenner – løvetennene</i>
<i>tvetann/tvetanner/tvitann/tvitanner – tvetannene/tvitannene</i>	<i>tvetenner/tvitenner – tvetennene/tvitennene</i>
<i>gåsefot – gåsefotene</i>	<i>gåseføtter – gåseføttene</i>
<i>marihand/marihånd/marihander/marihånder – marihandene/marihåndene</i>	<i>marihender – marihendene</i>
<i>slirekne/slirekneer – slireknea/slirekneene</i>	<i>slirekne/slireknær – slireknea/slireknærne</i>
<i>blærerot – blærerotene</i>	<i>blærerøtter – blærerøttene</i>
<i>burot – burotene</i>	<i>burøtter – burøttene</i>
<i>rosenrot – rosenrotene</i>	<i>rosenrøtter – rosenrøttene</i>
<i>sisselrot – sisselrotene</i>	<i>sisselrøtter – sisselrøttene</i>
<i>søterot – søterotene</i>	<i>søterøtter – søterøttene</i>
<i>tannrot – tannrotene</i>	<i>tannrøtter – tannrøttene</i>
<i>tepperot – tepperotene</i>	<i>tepperøtter – tepperøttene</i>
<i>vadderot – vadderotene</i>	<i>vadderøtter – vadderøttene</i>
<i>vendelrot – vendelrotene</i>	<i>vendelrøtter – vendelrøttene</i>

## Nynorsk:

<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
<i>livmorer – livmorene</i>	<i>livmorer/livmødrer – livmorene/livmødrene</i>
<i>skrumorer/skrumødrer – skrumorene/skrumødrene</i>	(inga endring)
<i>vågmødrer – vågmødrene</i>	<i>vågmorer/vågmødrer – vågmorene/vågmødrene</i>
(ikkje normert)	<i>hermegjæser/hermegåser – hermegjæsene/hermegåsene</i>
<i>midnetter – midnettene</i>	(inga endring)
<i>hespetre – hespetrea</i>	(inga endring)
<i>løvetenner – løvetennene</i>	(inga endring)

<i>tvitenner – tvitennene</i>	(inga endring)
<i>gåseføter – gåseføtene</i>	(inga endring)
<i>marihender – marihendene</i>	(inga endring)
<i>slirekne – slireknea</i>	(inga endring)
<i>blærerøter – blærerøtene</i>	(inga endring)
<i>burøter – burøtene</i>	(inga endring)
<i>rosenrøter – rosenrøtene</i>	(inga endring)
<i>sisselrøter – sisselrøtene</i>	(inga endring)
<i>søterøter – søterøtene</i>	(inga endring)
<i>tannrøter – tannrøtene</i>	(inga endring)
<i>tepperøter – tepperøtene</i>	(inga endring)
<i>vadderøter – vadderøtene</i>	(inga endring)
<i>vendelrøter – vendelrøtene</i>	(inga endring)

Dei føreslåtte endringane i bøyning for *løvetann*, *gåsefot*, *tannrot* osv. gjeld berre når desse er brukte som plantenamn.

### Grunngjeving

Dette framlegget gjeld ein del samansette substantiv der etterleddet er eit ord som har uregelrett bøyning i fleirtal når det står som sjølvstendig ord (til dømes *mor – mødre(r)*). Samansetningar med desse orda som etterledd får i nokon mon i staden regelrett fleirtalsbøyning (til dømes *livmor – livmorer*), men for dei fleste av dei er det variasjon mellom regelrette og uregelrette former. For fleire av orda er fleirtalsformene lite brukte. Normeringa av samansetningane er i dag til dels usystematisk, og det er ein del umotiverte skilnader mellom nynorsk og bokmål. Sjølvstendepriippet i *Retningslinjer for normering* (del 6.2.1 og 7.2.1) seier at nynorsk og bokmål skal normerast uavhengig av kvarandre og på grunnlag av eigen skriftleg praksis og utvikling. Prinsippet seier vidare at «[d]ersom bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn ikkje talar for noko anna, skal ein likevel unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyningstypar for ulike ord og genus for substantiv». Språkrådet meiner at dette omsynet bør leggjast til grunn i normeringa av ord av typen *livmor* og *løvetann*, slik at fleirtalsformene følgjer same mønster i nynorsk og bokmål.

Framlegga er baserte på undersøkingar av bruk i tekstar (jf. bruksprinsippet) og på systemomsyn (jf. enkelheitsprinsippet, del 6.2.5 og 7.2.5 i *Retningslinjer for normering*, som seier at innslaget av unntak i bøyingsmønster skal minimerast). For samansetningane på *-mor* og for *hermegås* er det føreslått full valfridom mellom regelrett bøyning og bøyning i tråd med grunnordet. For *midnatt* er det ut frå bruken føreslått berre bøyning i tråd med grunnordet. For *hespetre* er det føreslått bøyning som for grunnordet, men med tillegg av forma *hespetreene* i bunden form fleirtal i bokmål.

For *løvetann* og dei andre plantenamna av denne typen er det føreslått at den normerte fleirtalsbøyninga berre skal følgje bøyninga av grunnordet. I nynorsk er det slik i dag, medan bokmål har ein del former av typen *løvetanner* og også former utan ending som står normerte som ubunden form fleirtal. Sjølv om forma *løvetenner* ikkje er normert i bokmål i dag, er det den forma som er klart mest brukt. Bruk av form

utan ending i tilfelle som *her det mykje løvetann* og *ho plukka to løvetann* følgjer av generelle grammatiske reglar og krev ikkje at *løvetann* står normert i ubunden form fleirtal.

### 3.4 Endring i normeringa av substantivet *kask(j)ett*

#### Framlegg

Bøyinga av substantivet *kask(j)ett* blir endra slik tabellen nedanfor viser.

	<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
bokmål:	<i>kaskett</i>	<i>kasjett</i> eller <i>kaskett</i>
nynorsk:	<i>kaskjett</i>	<i>kasjett</i> eller <i>kaskett</i>

#### Grunngjeving

Dette substantivet, som er ei nemning for ein viss type skyggelue, har i dag ulik normering i bokmål og nynorsk. Ordet kjem frå fransk *casquette*. Undersøkingar av bruk i tekstar viser at begge dei normerte skrivemåtane (*kaskett* og *kaskjett*) er i bruk. I tillegg finn vi skrivemåten *kasjett*, som i dag ikkje er normert korkje i bokmål eller nynorsk. I bokmålstekstar er *kasjett* vel så utbreidd som den normerte forma *kaskett*, og i nynorsktekstar er *kasjett* den mest brukte forma.

Ordet blir dels uttala med konsonantsambandet [sk] (som i fransk uttale av *casquette*) og dels med [ʃ]. Både ut frå bruken i tekstar og variasjonen i uttale er det grunn til å normere ordet med to ulike skrivemåtar. Skrivemåten med *-sj-* er å føretrekkje framfor den med *-skj-* på bakgrunn av reglane for norvagisering av importord, jf. regel K4 i vedlegg 2 i *Retningslinjer for normering*. Ord frå fransk som blir uttala med [ʃ], får generelt skrivemåte med *-sj-* dersom skrivemåten blir tilpassa norsk, jf. til dømes *bagasje*, *emosjon*, *etasje*, *protesjé* osv. Sjølv om uttalen av *kaskett/kaskjett* med [ʃ] ikkje har opphav i fransk, er det ingen grunn til at skrivemåten skal vere med *-skj-* her.

## 4. Framlegg som berre gjeld nynorsk

### 4.1 Endring i normeringa av presensforma av verbet *sjåast*

#### Framlegg

*Sjåast* kjem inn som valfri form i presens av verbet *sjåast* attmed dagens form *sest*. Bøyinga blir da slik:

å *sjåast* – *sest/sjåast* – *sågst* – *har sest*

#### Grunngjeving

Framlegget om å ta inn *sjåast* som presensform i nynorsknorma er først og fremst grunngjeve med bruksprinsippet, som seier at «[n]ye former kan takast inn i norma dersom dei er mykje brukte i skrift og vil gjera norma enklare å bruka» (del 7.2.3 i *Retningslinjer for normering*). Undersøkingar av bruk i nynorske tekstar viser at *sjåast*



er svært vanleg i bruk som presensform, særleg i tekstar frå dei siste 20–25 åra. I korpus av avistekstar og tekstar frå nettet finn ein *sjåast* brukt i over 90 % av tilfella. I boktekstar er likevel *sest* vanlegast, med om lag 60 % av tilfella. Det er ikkje grunnlag i bruk for å ta forma *sest* ut av norma.

Også talemålsprinsippet (del 7.2.6 i *Retningslinjer for normering*) er relevant for dette framlegget. Dette prinsippet seier at «[d]ersom ein utvidar norma, bør den nye forma ha svært godt talemålsgrunnlag». Forma *sjåast* i presens har solid talemålsgrunnlag, til dømes er ho ført opp i dokumentasjonsordboka *Norsk Ordbok* med merknaden «vanleg».

Eit argument mot framlegget er systemomsyn. I dag er det slik at ein i nynorsk alltid kan avleie bøyinga av eit *st*-verb frå bøyinga av det korresponderande grunnverbet, og *sest* er da den systemrette forma i presens (jf. presensforma *ser* av grunnverbet *sjå*). Framlegget om å ta inn *sjåast* som presensform inneber innføring av eit unntak frå systemet i nynorsk når det gjeld *st*-verb. Merk likevel at framlegget ikkje går ut på å ta den systemretta forma *sest* ut av norma.

Bak framlegget om å ta inn forma *sjåast* i presens ligg eit samrøystes vedtak i nynorskdelen av Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon. Innstillinga frå fagseksjonen i Språkrådet (seksjonen for språkrøkt og språkrådgeving) var å la normeringa av verbet *sjåast* liggje uendra, men med opning for å ta opp spørsmålet att ved eit seinare høve.

## 5. Framlegg som berre gjeld bokmål

### 5.1 Endring i normeringa av preteritum av ein del verb med *-y-* i infinitiv

#### Framlegg

Preteritum av dei nemnde verba blir justert slik tabellen nedanfor viser.

verb	preteritum i dagens norm	preteritum i ny norm
<i>fnyse</i>	<i>fnøs/fnyste</i>	<i>fnøs/fnøys/fnyste</i>
<i>gyte</i>	<i>gjøt/gytte</i>	<i>gjøt/gøyt/gytte</i>
<i>klype</i>	<i>kløp/klypte</i>	<i>kløp/kløyp</i>
<i>knyte*</i>	<i>knøt/knytte</i>	<i>knøt/knøyt</i>
<i>skryte</i>	<i>skrøt/skrytte</i>	<i>skrøt/skrøyt</i>
<i>snyte</i>	<i>snøt/snytte</i>	<i>snøt/snøyt</i>
<i>tyte</i>	<i>tøt/tøyt/tytte</i>	<i>tøt/tøyt</i>
<i>tryte</i>	<i>traut</i>	<i>trøt/trøyt</i>
<i>gyse</i>	<i>gjøs/gyste</i>	<i>gyste</i>

\* Merk: *Knyte* har i dag sterk bøyning berre i tydinga 'trekkje seg saman'. Framlegget til ny normering går ut på å oppheve skiljet mellom svak og sterk bøyning for *knyte* og innføre sterk bøyning uansett tyding.

### Grunngjeving

Utgangspunktet for denne saka er at ein del sterke verb med *-y-* i infinitiv har preteritum med valfritt *-ø-* eller *-øy-* i bokmål i dag, men det er òg ein del verb som ikkje har *-øy-* sjølv om den forma finst i talemålet og i nokon mon òg i skrift. For språkbrukarane er det ikkje lett å vite kvar dei kan bruke *-øy-*, og kvar dei ikkje kan det. Framlegget er å ta inn former med *-øy-* for ein del slike verb. Samstundes er det føreslått å ta ut av norma somme preteritumsformer som er lite brukte.

Før 2005 hadde ei rekkje sterke verb med *-y-* i infinitiv *-ø-* eller *-au-* i preteritum i bokmål (til dømes *baud/bød*, *fraus/frøs*). I 2005 gjekk formene med *-au-* ut, og i staden fekk desse verba valfridom mellom *-ø-* og *-øy-* (*bød/bøy*, *frøs/frøys* osv.). Verb som ikkje hadde *-au-* i preteritum før 2005, blei likevel ståande uendra. For ein bokmålsbrukar som ønskjer å bruke preteritum på *-øy-*, kan det vere vanskeleg å sjå kvifor *frøys* er tillate, men ikkje *kløyp* eller *skrøyt*. Framlegget bøter på det. Det er motivert av enkelheitsprinsippet i *Retningslinjer for normering* (del 6.2.5): «Normeringa skal i størst mogleg grad gjelda klassar av ord snarare enn einskildord, slik at innslaget av unntak i bøyingsmønster blir så få som råd».

Framlegget om å ta ut av norma svake preteritumsformer for *klype*, *knyte*, *skryte*, *snyte* og *tyte* byggjer på undersøkingar av bruk i tekstar, der desse svake formene er mykje mindre brukte enn dei sterke. Dei svake formene *fnyste*, *gytte* og ikkje minst *gyste* er derimot så mykje brukte at dei må stå.

Forma *traut* av *tryte* utgjer eit enkeltunntak i dagens norm, og vi føreslår at dette verbet i staden skal følgje hovudmønsteret for gruppa. Den sterke forma *gjøs* er lite brukt, og framlegget er at *gyse* berre skal ha svak preteritumsform.

## 5.2 Endring i normeringa av ein del ord med *hv-/kv-*

### Framlegg

I ord der det i dag er valfridom mellom skrivemåtar med *hv-* og *kv-*, er det føreslått følgjande endringar:

1) Forma med *hv-* går ut i dette ordet:

dagens norm	ny norm
<i>hvitbjørn/kvitbjørn</i>	<i>kvitbjørn</i>

2) Formene med *kv-* går ut i desse orda:

dagens norm	ny norm
<i>hvelv/kvelv</i>	<i>hvelv</i>

<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
<i>hvelve/kvelve</i>	<i>hvelve</i>
<i>hvelving/kvelving</i>	<i>hvelving</i>
<i>hves/kves</i>	<i>hves</i>
<i>hvese/kvese</i>	<i>hvese</i>
<i>hvil/kvil</i>	<i>hvil</i>
<i>hvile/kvile</i> (substantiv og verb)	<i>hvile</i>
<i>hvit/kvit</i>	<i>hvit</i>
<i>hvitt/kvitt</i>	<i>hvitt</i>
<i>hvite/kvite</i> (substantiv)	<i>hvite</i>
<i>hvitne/kvitne</i>	<i>hvitne</i>
<i>hvitte/kvite</i> (verb)	<i>hvitte</i>

### *Grunngjeving*

Denne saka er del av arbeidet med justeringar i bokmålsnorma i tråd med føringane i språklovsproposisjonen (sjå [Prop. 108 L \(2019–2020\)](#) del 4.2.1). Framlegget går ut på å ta ut av bokmålsnorma ein del former på *kv-* der det i dag er valfridom mellom *hv-* og *kv-*. For eitt ord i denne gruppa, *hvitbjørn/kvitbjørn*, er det likevel føreslått å ta ut forma på *hv-*.

Desse orda med valfridom er ikkje omfatta av framlegget, og her vil begge formene framleis vere normerte:

*hval/kval*

*hvass/kvass*

*hvesse/kvesse*

*hvin/kvin*

*hvine/kvine*

*hviske* og *kviskre* (dei er oppførte som to ulike ord, ikkje to former av same ordet)

Andre ord som ikkje er omfatta av framlegget, er dei som frå før berre har *hv-* (*hvete*, *hvisk*, *hvitting*) og dei som frå før berre har *kv-* (*kvassbuk*, *kverrslette*, *kvinand*, *kviting* og fleire).

Framlegget om å gå frå *hv-/kv-* til *hv-* i ein del ord og frå *hv-/kv-* til *kv-* i eitt ord er motivert av bruken i bokmålstekstar. I *Retningslinjer for normering* står det i del 6.2.2 at det kan «bli aktuelt å gjera visse justeringar som følgje av systematisk undersøking av bruk», og det er nettopp slike undersøkingar som ligg til grunn for dette framlegget. Eit anna normeringsprinsipp som er relevant for saka, er stramleiksprinsippet (del 6.2.4 i *Retningslinjer for normering*). Slik stramleiksprinsippet er formulert for bokmål, seier det at justeringar av norma i lys av bruk kan føre til «ei innstramming på sikt». Framlegget er eit steg mot ei slik innstramming.

Enkelheitsprinsippet (del 6.2.5 i *Retningslinjer for normering*) seier at innslaget av unntak i norma bør avgrensast. Det talar for at ord som høyrer saman, bør ha same normering sjølv om bruksdata isolert sett kunne tilseie noko anna. Til dømes er *kvit-* vesentleg meir brukt i samansette ord som er nemningar på plantar, dyr og sopp,

men norma blir meir komplisert om det skal vere tillate å skrive *kvitfisk*, *kvitrev* og *kvitgran*, men ikkje *kvit*.

### 5.3 Endring i normeringa av substantivet *lagasild/lagesild/lågåsild*

#### Framlegg

Forma *lagasild* går ut av norma slik at *lagesild* og *lågåsild* blir ståande att som normerte former, jf. tabellen nedanfor.

dagens norm	ny norm
<i>lagasild/lagesild/lågåsild</i>	<i>lagesild/lågåsild</i>

#### Grunngjeving

Framlegget er grunngjeve i bruken av dei ulike formene i bokmålstekstar. Forma *lagasild* har vore normert i bokmål sidan 1978, men er i dag relativt lite brukt (4–9 % av tilfella). Ettersom *lagasild* har a-fuge, bryt forma òg med hovudmønsteret i norma, som tilseier e-fuge (sjølv om bokmål også har ein del normerte former med a-fuge, som *betasuppe*, *dølafe* og *gapahuk*). *Lagasild* er mykje brukt i nynorsk, men dette er ikkje relevant for normeringa i bokmål. Ein kan heller ikkje seie at *lagasild* er ei tradisjonsform i bokmål. Forma *lågåsild* er spesiell ettersom forleddet har jamning, men ho er etter måten vanleg i bruk (ca. 30 % av tilfella), og det er såleis ikkje grunnlag for å ta den forma ut av norma.

### 5.4 Endring i normeringa av substantivet *sjapp(e)*

#### Framlegg

Forma *sjapp* går ut av norma slik at *sjappe* blir ståande att som eineform, jf. tabellen nedanfor.

dagens norm	ny norm
<i>sjapp/sjappe</i>	<i>sjappe</i>

#### Grunngjeving

Også dette framlegget er grunngjeve i bruksprinsippet. Ordet kjem av engelsk *shop*, og forma *sjapp* var vanleg lenge; heilt fram til 1970-tallet var denne forma meir brukt i bokmålstekstar enn *sjappe*. I tekstar av nyare dato (frå 1990 og framover) er derimot *sjappe* heilt dominerande.

## 5.5 Endring i normeringa av substantivet *oppnop(n)ing*

### Framlegg

Forma *oppnopning* kjem inn i norma som valfri form attmed *oppnopning*.

<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
<i>oppnopning</i>	<i>oppnopning/oppnopning</i>

### Grunngjeving

Vi kan danne verbalsubstantiv på *-ing* av dei aller fleste verb, medan avleiing med *-ning* ikkje er like produktivt. I dei tilfella der vi har avleiingar både på *-ing* og på *-ning* av same verbet, har dei to avleiingane ofte ulik tyding. Når det gjeld *oppnopning* og *oppnopning*, finn vi begge substantiva brukte både om handlinga ('det at noko hopar seg opp') og resultatet av handlinga ('noko som har hopa seg opp'). Granskingar av bruk i bokmålstekstar viser at *oppnopning* jamt over er meir brukt enn *oppnopning*, med 66–79 % av tilfella. Bruksdataa tilseier at begge formene bør vere normerte.